**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese kyrkje
Dato: **tysdag** 10.03.2026
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

| |
|---|
| **Dato**: 10.03.26 |
| **Innkalla** : Norunn R Markhus, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje |
| |
| Ikkje til stades: |

| NR: | SAKER: | MERKNADER: |
|---|---|---|
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | - Ok |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Orientering ny misjonsorgansiasjon |
| 1 | Brannrutiner og brannførebygging | Franckie er brannvernansvarleg og har den rutinemessige gjennomgangen av alt med brannvern |
| 2 | Godkjenning av årsmelding og rekneskap | Framlegg til vedtak. Soknerådet godkjenner framlagde årsmelding og rekneskap. Desse blir framlagde for soknemøtet/årsmøtet i soknet 15.3.<br><br>Soknerådet vedtok årsmeldinga som er sendt på e-post til alle.<br><br>Therese legg fram rekneskapen. Den vart godkjend av soknerådet. Trude Torvund skal revidera rekneskapen. |
| 3 | Tildeling av gåvemidlar - Olav Jaastad si gåve. Kr 15000 skal delast ut kvart år her. Ein har avventa noko med å tildele siste del-summen på kr 5000 her. | Midlane skal brukast til diakonimidlar.<br><br>2025:<br><br>Midlar går til dagsenteret/ Øysteseheimen: 5000 kr.<br><br>Minikyrkje: 5000 kr. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Føremiddagstreff: 5000 kr.<br><br>Årets midlar vert fordelt i september/oktober. |
| 4 | Innspel om kyrkjekrinsutval til erstatning for sokneråd | - Orientering frå kyrkjeverje Olav Skeie Lid er vedlagt innkallinga |
| 5 | Kyrkjebygget og uteområdet | - Skjerming av vindauge – sidesol. Her er me ikkje klare til å fatta vedtak enno.<br>- Ytterlegare utbetring av trapp og gangveg<br>- Barnekrok. Her er det gjort nokre forbetringar.<br>- Løpar i midtgangen |
| 6 | Kvalitetssikring av oppgåver neste månad | Årsmøte og soknemøte førstkomande søndag. Det kjem fleire frå soknerådet. Den dagen vert det kyrkjekaffi. Kvinne- og familielaget lagar kaffimat.<br><br>Måndag 23.03. vert det samling i Nhs for konfirmantar og foreldre der ein gjev info om fasteaksjonen. Astrid og Kjell stiller i Nhs.<br><br>24.03. vert det fasteaksjon i Øystese. Det er sett opp 2 og 2 konfirmantar. Det er bestemt at konfirmantane skal ha bøsse, sjølv om mange no brukar vipps. Aksjonen varar 1700-19.30. Representantar frå soknerådet skal møta i kyrkja klokka 16.30.<br>Astrid er i kyrkja.<br>Therese er i kyrkja.<br>Aina er sjåfør.<br>Ruben er sjåfør.<br>Kjell Arne er med å lagar til.<br>Gunlaug og Aina kjøper inn.<br><br>Tlf til konfirmanten er tilgjengeleg slik at ein får tak i dei om dei brukar for lang tid.<br><br>Konfirmantfesten 16.04. Denne må planleggast på neste soknerådsmøte som er: 07.04.<br><br>Det vart sendt rundt kakeliste til festen slik at alle fekk skrive ned kva dei kunne bake/ ha med. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Me køyrer same lesten som i fjor, men håpar på at fleire frå Ålvik kan delta. Desse vert spurd: Marie, Lisbeth, Karianne, Arvid.<br><br>Det er 28 konfirmantar i Øystese og 4 i Ålvik..<br><br>NB! Kjell må sjekka at det er såpe på oppvaskmaskina. Tørkepapir og dopapir må også vera på plass.<br><br>Festen byrjar klokka 1900. Soknerådet må møta klokka 1630-1700.<br><br>Me må ha påmelding slik at me veit kor mange som kjem. Konfirmantar + inntil to.<br><br>05.05. vert det møte<br>02.06. vert det møte |
| | Eventuelt | Møtet vert avslutta med “Vår far”. |